

Stor interesse for kjøp og sal av hus, hytter og egedomar.

08.08.2019



Ei hytte ved Eiet på Skorpo er seld. Hytta ligg vakkert til med front mot Jektholmen.

**Det er registrert stor aktivitet når det gjeld kjøp og sal av egedomar i Uskedalen. Det gjeld alle typar hus, hytter, fritidsegedomar og gardsbruk. Ei overdraging gjeld innan ein og same familie. Salsobjekta er spreidde i bygda, men Skorpo og Tveitane i Padlaporsen peikar seg ut med fleire prospekt. Eit hus i Korsneset, Syne 19, med høg standard ligg ute via EiendomsMegler 1.**

Kjøp og sal av egedomar fortel noko om ei levande bygd i utvikling. Uskedalen er for mange ei attraktiv bygd, både for fastbuande og for ferierande. Av det som ligg ute for sal nett no, er det flest fritidsegedomar.

- Ein større fritidsegedom på nordsida av Skorpo ( Langevåg ) med hytte, anneks, naust og kaianlegg ligg ute på EiendomsMegler 1.
- Ei hytte frå om lag 1980 ved Eiet på Skorpo med front mot Jektholmen er seld
- Ei nyare hytte på to plan med fire soverom, stor terrasse, båt plass og flott utsikt på Nautaneset ( Skorpo ) ligg ute for sal. Aktiv Sunnhordland AS er meglar
- Fritidsegedomen Heimly ved Fylkesveg 48 på Eik er seld. Det høyrer naust med til egedomen
- To hus på Tveitane i Padlaporsen er selde. Det eine er kjøpt av Elin og Geir Enes og arbeidet med oppussinga er alt godt i gang. Haugland Maskin har laga veg fram til huset
- Eit hyttenaust i same område ligg ute for sal
- Gardsbruk 123/9 på Myklebust er seld
- Gardsbruk 125/75 m/ fleire bruksnummer er skøytt og overdrege innan familien
- Einebustad over 3 etj., garasje og carport med adresse Syne 19 vert annonsert i desse dagar. Visning måndag 12. august kl. 16. Meglar er EiendomsMegler 1.



Her vert det laga veg fram til det eine av dei to husa på Tveitane som er selde. Tomta vert rydda og huset er klar for renovering. Som sagt, lista er ikkje fullstendig. Bygging i Ospelunden er ikkje med i dette oppsettet.

Tekst/hett: Kristian Bringedal

Foto: Geir Enes/ Kristian Bringedal/ EiedomsMegler 1



Bilete syner den unike fritdseigedomen Langevåg på Skorpo. Sjå tidlegare innlegg på [uskedalen.no](http://uskedalen.no)